

## Lio Sag og Treforedling inn i topp lokale på Seimsfoss.

02.09.2020



Dagleg leiar, Rune Myklebust, er godt nøgd med dei nye lokala i Fonna fjord Næringspark.

**20 juli i sommar flytta Lio Sag og Treforedling trelast- og byggevarehandelen frå Neslia til næringsbygget på Seimsfoss. Sommaren har gått med til klargjering og innflytting. Familien har hjelpt til og no er alt operativt og funksjonelt i Fonna fjord Næringspark. Dagleg leiar, Rune Myklebust frå Uskedalen, er godt nøgd med plassering og infrastrukturen rundt.**

Golvflata er på 850 rutemeter. I tillegg kjem hemsane, kontor og butikk. Ute er det eit disponibelt asfaltert areal i vel 30 meters lengde. Lageret er temperert. All trelast kan brukast på timen ute på byggeplassen. Varesortementet er det same som i Neslia. Med oljegrusa uteplass er alt mykje reinare og betre tilrettelagd for utkøyring.

Trelast- og byggevarehandelen på Seimsfoss dekkar i store trekk indre luten av Kvinnherad. Det er utkøyring til Maurranger, Åkra, Matre, Varaldsøy, Uskedalen og i Rosendalsområde. Avdeleinga på Husnes tek alt frå Uskedalen og mot sør i kommunen. Lio er seld til Kroka Eigedom AS.



På hemsane ligg lettare varer som isolasjon og plater.

På Seimsfoss har Rune Myklebust signert ein leigeavtale førebels på fem år. Infrastrukturen skal betrast. Det går særleg på tilkomsten med ny inn- og utkøyring til fylkesvegen flytta lenger mot nord. Det kjem felles skilting på bygget med informasjon om alle verksemdene og kor i bygget ein finn dei.

Felles kantine er nytt. Rune fortel at han har hatt med niste i 40 år. No går han i kantine og kjøper seg lunsj og møter andre tilsette i eit sosialt fellesskap.

Lio Sag og Treforedling har eigne snikrar. To mann vil vera på lageret. Den eine er sjåfør og står for all transport.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringdal